

Revidert 26.03.2015

Varsel om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av forslag til planprogram:

Brev sendt: 16.09.2014  
Annonse: 18.09.2014  
Varsel om utviding av planområdet I: 07.10.2014  
Frist for merknader: 31.10.2014  
Varsel om utviding av planområdet II: 19.12.2014  
Frist for merknader: 23.01.2015  
Varsel om utviding av planområde III: 27.02.2015  
Frist for merknader: 15.03.2015

**Offentlige merknader:**

Nr.	Avsendar	Dato	Sending	Vedlegg (tal)
1.	Austrheim eldreråd	30.10.2014	e-post	
2.	Noregs vassdrags- og energidirektorat	08.10.2014	e-post	
3.	Fylkesmannen i Hordaland	29.10.2014	e-post	
4.	Bergen og Omland Havnevesen	17.10.2014	post	
5.	Statens vegvesen	31.10.2014	post	
6.	BKK Nett AS	31.10.2014	post	
7.	Hordaland fylkeskommune v/ regionalavdelinga	14.11.2014	e-post	
8.	Gulen kommune	06.10.2014	e-post	

**Private merknader:**

Nr.	Avsendar	Dato	Sending	Vedlegg (tal)
1.	Ståle Kaland	28.10.2014	e-post	
2.	Egil Skodvin	28.10.2014	e-post	
3.	Anne Karin og Norleiv Kåre Sætre	26.10.2014	Post	1
4.	Roald Sletten	30.10.2014	e-post	2
5.	Bjørn-O Monslaupe	27.10.2014	e-post	
6.	Truls Bauge og Vibeke Bauge	02.10.2014 28.10.2014	e-post	
7.	Britt Søreide og Odd Søreide	29.10.2014	e-post	
8.	Yngve Kaarstad, Asbjørn Brandtun, Atle Børsheim, Norleiv K. Sætre, Kjell Hope og Rikke Heldal Hope	31.10.2014	post	
9.	Kjeilen Vel v/ Odd Mikal Søreide	29.10.2014	e-post	
10.	Oddleiv Kjeilen	30.10.2014	e-post	
11.	Hedwig Kjeilen Øksnes	31.10.2014	e-post	
12.	Elna Solsvik	31.10.2014	e-post	
13.	Geir Kjeilen	31.10.2014	e-post	1
14.	Børje Sundt Laastad	31.10.2014	e-post	1
15.	Dagfinn Halvorsen og Ruth Halvorsen	28.10.2014	e-post	
16.	Margrethe Askerhaug	30.10.2014	e-post	1
17.	Irene Iversen	31.10.2014	e-post	
18.	Naturvernforbundet Nordhordland	31.10.2014	e-post	
19.	Edmund A. Bolstad	28.10.2014	e-post	
20.	Arvid S. Halvorsen	28.10.2014	e-post	
21.	Heidi Litlås og Terje Litlås	23.10.2014	e-post	2

**Merknader etter utgått merknadsfrist:**

Nr.	Avsendar	Dato	Sending	Vedlegg (tal)
1.	Audun Uthaug	19.11.2014	e-post	
2.	Adv. Edmund A. Bolstad	20.11.2014	e-post	
3.	Dagfinn Halvorsen og Ruth Halvorsen	08.12.2014	e-post	

Revidert 26.03.2015

**Merknader til varsel om utviding av planområdet 19.12.2014**

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Dato</b>	<b>Sending</b>	<b>Vedlegg (tal)</b>
1.	Gulen kommune	23.12.2014	e-post	
2.	Fylkesmannen i Hordaland	05.01.2015	e-post	
3.	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum	19.01.2015	e-post	
4.	Statens vegvesen	23.01.2015	e-post	

**Merknader til varsel om utviding av planområdet 27.02.2014**

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar</b>	<b>Dato</b>	<b>Sending</b>	<b>Vedlegg (tal)</b>
1.	Fylkesmannen i Hordaland	03.03.2015	e-post	
2.	Austrheim Eldreråd	13.03.2015	e-post	
3.	Hordaland fylkeskommune	16.03.2015	e-post	
4.	Statens vegvesen	09.03.2015	e-post	

**1.1 Samandrag av offentlege merknader**

<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Austrheim eldreråd
<b>1.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	
	<b>Datert</b>	30.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Det vert vist til Austrheim kommune sin plan for fysisk aktivitet og friluftsliv 2012-2020. Ved etablering av anleggsveg vert det bedt om at denne ikkje vert fjerna etter at røyrleidningen er på plass. Anleggsvegen bør i staden nyttast til universell tursti, joggesti og rulleskibane. Anleggsvegen bør oppjusterast til ein grusdel og ein parallell asfaltert del. Dette medfører at det lett kan lagast skispor ved lite snøfall. Der anleggsvegen kryssar fylkesvegen kan det opparbeidast ein mindre parkeringsplass for å lette tilgjenge. Dette vil vere eit folkehelseiltak.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering. Anleggsområda og midlertidige anleggsvegar skal i hovudsak tilbakeførast til opphavleg terreng. Permanente gang- og køyrevegar vert regulert i plankart. Dette gjeld i hovudsak tilkomst til tunnelportalar og vassfyllingssjakt, samt gang- og sykkelvegar langs FV 57 og FV 565.
<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Noregs vassdrags- og energidirektorat
<b>2.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 53, 6801 Førde
	<b>Datert</b>	08.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) NVE har ingen innspel til planarbeidet.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Fylkesmannen i Hordaland
<b>3.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7310, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	29.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. b) I den vidare planprosessen ber Fylkesmannen om at det vert teke særskilt omsyn til landbruksinteresser og naturmangfald. Det vert minna om at konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette kjem tydeleg fram i planarbeidet jf. Naturmangfaldslova §§7 til 12.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering b) Planforslaget vil vurdere konsekvensane av tiltaket opp mot naturmangfaldslova §§7-12

<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Bergen og Omland Havnevesen
<b>4.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 6040, 5892 Bergen
	<b>Datert</b>	17.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Ber om å få tilsendt planen når denne er ferdig utarbeidd. b) Bergen og Omland Havnevesen kan på dette stadiet i planarbeidet ikkje sjå at planen vil kome i konflikt med dei interesser Havnevesenet er sett til å ivareta. c) Minner om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita og ferdsel i sjøområde krev løyve frå BOH jf. Hfl. § 27, første ledd. Ei orientering om denne søknadsplikta bør takast inn i reguleringsføresegnene. Det er ikkje tilstrekkeleg at tiltaket er vist i planen. Søknad må sendast BOH i god tid før tiltak vert sett i verk.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering. b) Tekentil orientering. c) Merknaden vert teke til følge. Orientering om søknadsplikta ved tiltak i

		sjø, vert teken inn i føresegnene.
<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Statens vegvesen
<b>5.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Askedalen 4, 6863 Leikanger
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Oljerøytraseen vil krysse fylkesvegnettet to stader. Det skal og leggast til rette for avkjørslar til områda, både i anleggsfasen og til permanent bruk.</p> <p>b) Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal og transportplanlegging skal leggast til grunn i den delen av planlegginga som vedkjem fylkesvegnettet. Noko av målet i retningslina er at planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremje samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.</p> <p>c) Etter Statens vegvesen si vurdering omtalar planprogrammet grovt sett dei viktigaste av vegvesenet sine veginteresser. Vegvesenet vil likevel påpeike at det bør gå tydeleg fram at det gjennom planarbeidet skal utgreiast konkrete løysingar for dei stadene anlegget skal krysse offentleg veg. Jf. Pkt. 2.4 Tilhøvet til mjuke trafikantar bør og omtalast i planprogrammet.</p> <p>d) Statens vegvesen sine handbøker skal leggast til grunn i all regulering av fylkesvegnettet. Konkrete kryssløysingar og trafikktiltak må avklarast som ein del av planarbeidet. Det må spesielt fokuserast på tiltak for å sikre mjuke trafikantar.</p> <p>e) Statens vegvesen vil rå til at planområdet vert utvida noko ved Fv 565, for å kunne vurdere tiltak for mjuke trafikantar på strekninga Litlelindås-Solend.</p> <p>f) Det er nyleg starta arbeid med å regulere gang- og sykkelveg frå Lindås til Mongstad. Kontaktperson for denne planen er Fredrik Flatås og Tonje Vabø i Statens vegvesen. Desse planane må samkjørast. I prosjektstyringsplanen er følgjande standardkrav fastsett, som og må gjerast gjeldande i reguleringsplanen det no vert varsla om. (Viser til standardkrav for vegklasse U-H4)</p> <p>g) Statens vegvesen vil vurdere kva rekkefølgjekrav som må stillast i føresegnene når omfanget av planen vert konkretisert.</p> <p>h) Statens vegvesen stiller gjerne på møter for å drøfte ulike typar løysingar.</p> <p>i) Når planen vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn vil planforslaget bli vurdert opp mot våre veginteresser.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>b) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>d) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>e) Merknaden vert teken til følgje. Det vert i planforslaget regulert areal til gang- og sykkelveg langs FV 565.</p> <p>f) Merknaden vert teken til orientering. Arbeidet med gang- og sykkelveg frå Lindås til Mongstad vert koordinert i planprosessen. Det vert i planforslaget regulert areal til gang- og sykkelveg frå kryss ved Keilevegen – Mongstadkrysset.</p> <p>g) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>h) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>i) Merknaden vert teken til orientering.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	BKK Nett AS
<b>6.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7050, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Innanfor planområdet har BKK Nett fleire 22 kV luftleidningar og 22 kV jordkabelanlegg og nettstasjonar. Planområdet vert kryssa av 132 kV kraftleidning Frøyset-Mongstad, i tillegg til at planområdet verkar å ligge tett opptil Mongstad transformatorstasjon.</p> <p>b) Nemnte 132 kV kraftleidning Frøyset-Mongstad vert drifta etter særskilt anleggskonsesjon gitt av NVE jf. Energilova §3-1 første ledd. Kraftleidningar og kabelanlegg bygd etter anleggskonsesjon er unnatta plan- og bygningslovas føresegner, og for desse kan det derfor ikkje vedtakas</p>

		<p>planføresegner eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema. Utgangspunktet er derfor at kraftleidningar i ein reguleringsplan ikkje skal innteiknast som eit planføremål, men bør innarbeidast som omsynssone. Byggjeforbodet langs kraftleidningen er totalt 30 meter. Det er ikkje ønskeleg å flytte eller kable omtalte kraftleidning.</p> <p>c) BKK Nett stiller følgjande vilkår for at ei evt. omlegging skal kunne vurderast_</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må i planen settast av ny trasé</li> <li>• Det er den som krev anlegget flytta eller erstatta som må bere alle kostnader med omlegginga. BKK Nett må krevje full kostnadsdekking.</li> <li>• Ny trasé må gi rettigheter med minst like gode vilkår som det BKK har til eksisterande trasé, i dette tilfellet evigvarande servitutrettigheter. Den som krev anlegget flytta, må dekke kostnader til erverv av nye rettigheter.</li> <li>• Eventuelle krav om omlegging av eksisterande trase, må meldast inn til BKK Nett i god tid før omlegginga må vere ferdig utført. Omlegging kan vere ein tidkrevjande prosess.</li> <li>• Dersom det skal utførast tiltak på omtalte kraftline, må det påreknast at det kan stillast krav om tider på året som utkopling må vera avgrensa og kor lenge leidningen kan vere fråkopla. Dette med grunnlag i kontinuerlig energiforsyning til kundar.</li> <li>• Omlegging av overføringar med spenning høgare enn 24 kV fordrar at BKK Nett søker NVE om endringar i anleggskonsesjonen. Endring i anleggskonsesjonen fordrar mellom anna at det er finst ekstern evne og vilje til kostnadsdekking. Utfallet av konsesjonshandsaming kan ikkje føregripast.</li> </ul> <p>d) Mongstad transformatorstasjon ligg utanfor planområdet, men det blir opplyst om at transformatorstasjonen vert drifta i medhald av anleggskonsesjon etter energilova.</p> <p>e) Spenningsnivå for leidningsanlegg skal ikkje påførast planen.</p> <p>f) 22kV luftleidningar, kabelanlegg og nettstasjonar innanfor planområdet inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi. Nemnte anlegg er oppført i medhald av områdekonsesjon. Omlegging av desse anlegga fordrar ikkje søknad om endring av konsesjon, men omsyn må likevel takast.</p> <p>g) Om planen føreset omlegging av eksisterande høgspenningsanlegg må det settast av plass til ny trase.</p> <p>h) BKK Nett vil særskilt nemna at det ut frå transformatorstasjonen på Mongstad går fleire 22 kV kablar. Ei omlegging av desse anlegga vil bli eit omfattande og kostbart tiltak.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering.

<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Hordaland fylkeskommune v/ regionalavdelinga
<b>7.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7900, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	14.11.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Ber om at konsekvensane for barn og unge vert vurdert.</p> <p>b) Landskapet i Austrheim er flatt og relativt ope. Inngrep vert lett synlege og varige inngrep må difor visualiserast godt i planomtalen. Det må vere eit mål å minimalisere dei fysiske inngrepa.</p> <p>c) Planområdet ligg innanfor fleire regionale friluftsområde. Strandsona i Hoplandsosen er verdsett som «viktig» Fosnstraumen til «svært viktig» og marka til Hoplandskvernene til «viktig». Dette må takast omsyn til.</p> <p>d) Innslaget ved Førlandsvatnet har konfliktpotensiale når det gjeld landskap, fisk og friluftsliv. Vatnet og området har lokal verdi som rekreasjonsområde. Det må takast omsyn til verdiane og fysiske inngrep må vere minst moglege.</p> <p>e) Biologisk mangfald og fisk er pr. d.d. ikkje godt nok kartlagt langs traseen</p>

		<p>for røyrleidningen. Det er registrert oter og havørn i Bergsvikhamna. I myrene ved Førlandsvatnet er det registrert storspove. I Førlandsvatnet er det bestand av storvaksten aure. For fisk og oter må ein vere særleg merksam på konsekvensane av steinstøv frå tunnelboringa.</p> <p>f) Tiltaket medfører eit stort masseoverskot. Det er positivt for klimagassutslepp om desse vert nytta lokalt, så lenge deponia ikkje får uheldige konsekvensar for landskap og biologisk mangfald. Pga. negative klimaeffektar må ein unngå deponi i myrområde.</p> <p>g) Viser til merknad frå Statens vegvesen om pågåande planarbeid for Fv 565. For kryssing av Fv 57 må planarbeidet samkjørast med reguleringsplanarbeidet for gang- og sykkelveg frå Lindås til Mongstad.</p> <p>h) Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eit av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. Ber om at kulturminneinteresser vert omtala, verneverdien vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Minner om at planen, når den kjem til offentleg ettersyn, ikkje må vere i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi.</p> <p>i) Det ligg fleire SEFRAK- registrerte bygningar i planområdet. Ber om at verneverdien av bygningane vert vurdert og teke omsyn til i den vidare planprosessen.</p> <p>j) Bergen Sjøfartsmuseum gjennomførte marinarkeologiske undersøkingar i tiltaksområdet i sjø 07.10-08.10.2014. Det vart gjort funn av to ballastrøyser omfatta av kulturminnelova §14. Kulturminna vert ikkje råka av det føreslåtte arealinngrepet.</p> <p>k) Planlagt trasè er kartlagt for kulturminner i 40 meters breidde. I tillegg er oppgjevne tiltaksområde tidlegare oversendt frå Statoil v/Kari Stokke undersøkt.</p> <p>l) Det er gjort funn av eit nytt automatisk freda kulturminne i planområdet. Dette er steinalderbuplass med ID 178933. Ber om at det vert teke omsyn til denne. I utgangspunkt skal automatisk freda kulturminne bevarast i plan m/ føremål som ikkje opnar for nye tiltak, samt omsynssone. Dersom planen ikkje let seg justere for å ta omsyn til kulturminne kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon. Tilråding om dispensasjon føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen. Det er Riksantikvaren som dispensasjonsmynde som avgjer eventuell dispensasjon og vilkår når planen er til offentleg ettersyn. Det blir gjort merksam på at dispensasjon frå kulturminnelova vanlegvis blir gjeven på vilkår av nærare arkeologiske granskingar, og at det er tiltakshavar som må dekke kostnader til slike.</p> <p>m) Ber om at tiltakshavar tek kontakt med Hordaland fylkeskommune v/ Kultur- og idrettsavdelinga når det ligg føre arealdisponering i planen, slik at løysingar for automatisk freda kulturminne kan drøftast før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn.</p>
	<p><b>Kommentar til merknad</b></p>	<p>a) Planens konsekvensar for barn og unge vil bli vurdert i planforslaget.</p> <p>b) Permanente tiltak vil bli visualisert i planomtalen. Dette gjeld hovudsakeleg landfall og tunnelportalar.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering. Vurdering av tiltakets konsekvens for friluftsliv er del av planforslaget/konsekvensutgreiinga. Landfall for røyrleidningen ligg innanfor friluftsområdet Hoplandsosen. Her vil det i anleggsperioden være aktivitet i samband med ilandføring av røyrleidningen. På permanent sikt vil tiltaket ha lite innverknad på Hoplandsosen som friluftsområde. Hoplandskvernene og Fosnstraumen friluftsområde ligg utanfor planområdet og vert såleis ikkje råka av tiltaket.</p> <p>d) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>e) Vurdering av tiltakets konsekvensar for biologisk mangfald er del av planforslaget/konsekvensutgreiinga.</p> <p>f) Merknaden vert teken til orientering. Deponiområde for stein ved tunnelportalen i sør og ved næringsområdet Keilevegen/Mongstadvegen er</p>

		<p>tenkt nytta til lokale vegtiltak og opparbeiding av næringstomter i næringsområde avsett i kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes. Jordmassar skal i hovudsak nyttast til revegetering langs del av røytraseen som går i grøft og til lokal bakkeplanering forbetring av jordbruksmark.</p> <p>g) Viser til kommentar til merknad frå Statens vegvesen.</p> <p>h) Merknaden vert teken til orientering. Kulturminne er omtala i planforslaget. Automatisk freda kulturminne id:178933 er vist med bandleggingsone og omsynssone.</p> <p>i) Tekn til orientering. Planforslaget medfører ikkje riving eller andre konsekvensar for SEFRAK registrerte bygg.</p> <p>j) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>k) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>l) Viser til kommentar til merknad pkt. h).</p> <p>m) Tiltakshavar/planframstillar vil ta kontakt med HFK for drøfting av løysing for automatisk freda kulturminne.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Etat /avsendar</b>	Gulen kommune
<b>8.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
	<b>Datert</b>	06.10.2014
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Det kan vere aktuelt å endre vedtatt interkommunal plan for Fensfjorden. IKP vart utarbeidd av 5 kommunar langs Fensfjordbassenget. Eit av føremåla med planen er tilrettelegging for betre felles beredskap.</p> <p>b) Gulen kommune kan ut frå oppstartsvarselet ikkje sjå planlagd røyrleidning i sjø og ønskjer nærare opplysningar om den. Det vert tilrådd at planleggjarane nyttar IKP vidare i planarbeidet og ta omsyn til beredskapen.</p> <p>c) Kommuneplanens arealdel for Gulen er vedtatt 12.06.2014 og vidarefører delen av IKP for Fensfjorden som ligg i Gulen kommune. Der ligg også eige delkart for sjøbotn i Fensfjorden.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Røyrleidningen vil koma inn i Hoplandssjøen på vestsida av Austrheim kommune og Fensfjordbassenget inngår såleis ikkje i planområdet.</p> <p>b) I planarbeidet vert berre den delen av oljerøyret som går over land samt strandområde ved landfall regulert.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering.</p>

## 1.2 Samandrag av private merknader

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Ståle Kaland
<b>1.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Keilevegen 168, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/71
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Har boreholsbrønn som vert råka av planområdet. Brønnen er drikkevasskjelde for 4 husstandar og er plassert på Jan Løberg sin eigedom Keilevegen 174 a/b. gnr. 125 bnr. 49. Dette gjeld:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Renate Dalland, Keilevegen 144, gnr. 125 bnr. 40</li> <li>• Oddvar Kjeilen, Keilevegen 166, gnr. 125 bnr. 48</li> <li>• Ståle Kaland, Keilevegen 168, gnr. 125 bnr. 71</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>Før anleggsarbeida vert sett i gang skal det gjennomførast ei kartlegging av borehol og brønner som kan verte påverka av etableringa av tunell i området og det skal sikrast at det vert teke vassprøver som kan spore eventuelle endringar i grunnvasskvaliteten som følgje av arbeidet. Vassforsyning vil bli oppretthaldt under og etter anleggsarbeid. Ved tapt eller forringa vassforsyning som følgje av tiltaket vil det etablerast alternativ løysing.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Egil Skodvin

2.	<b>Adresse/postnr. stad</b>	Keilevegen 115, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/33
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Vil opplyse om brønnar som ikkje er vist i NGU`s sin database:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Brønn på gnr. 125 bnr. 26 med tilknytning til gnr. 125 bnr. 12 via slange i grøft. Eigar av begge eigedomar er Hans Freddy Fredriksen Keilevegegen 123, 5953 Fønnes.</li> <li>• Brønn på gnr. 125 bnr. 42, med tilknytning til eigedom gnr. 125 bnr. 33 via slange i grøft. Eigar er Svein Unneberg, Rosshavsgata 32, 3215 Sandefjord. Eigar av tilknytt eigedom er Anita U. Skodvin &amp; Egil Skodvin Keilevegen, Keilevegen 115, 5953 Fønnes.</li> </ul>
<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr.1	
<b>Nr. Avsendar/namn</b>		
3.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Austrheimsvegen 1530,
	<b>Datert</b>	26.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-151/7, 8
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Vil gjere merksam på at drikkevassforsyning kjem frå brønn på 151/8.</p> <p>b) Er belasta med trafikkstøy og uroa for auke i trafikk/støy i samband med prosjektet.</p> <p>c) Vil gjere merksam på at det var planlagd ny veg i samband med Fosnstraumbrua som vart opna i 1989. Vegen skulle gå utanom busetnaden på Førland, på vestsida av eksisterande veg. Steinmassar i samband med prosjektet kan nyttast til gjennomføring av vegen.</p> <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartutsnitt som viser plassering av brønn.</li> </ul>
<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1</p> <p>b) Planforslaget er vurdert å ikkje medføre særleg auka trafikk på Fv 565. Anleggstrafikk og massetransport vil i hovudsak gå for seg på interne midlertidige anleggsvegar langs røytraseen. Sjølvje oljerøytraseen vil krysse Fv 565 i tunnel.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering. Det vert i planen regulert deponiområde for steinmassar. Bruken av massane er ikkje endeleg avklara, men Austrheim kommune og Statens vegvesen ønskjer å nytte desse til ny Fv 565.</p>	
<b>Nr. Avsendar/namn</b>		
4.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilgavlsvegen 34 bnr. 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	30.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/2, 82
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Vil gjere merksam på vassforsyning frå brønn på gnr. 125 bnr. 2 og borehol på gnr. 125 bnr. 62.</p> <p>b) Er bekymra for drikkevassforsyning ved framføring av oljerøytraseen. Tunnelarbeidet i grunnen under Kjeilen kan medføre endringar i grunnvassbassenget. Ber om at utbyggjar sørgjer for at det blir ført fram felles vassforsyning til øya før anleggsarbeidet tek til. Innbyggjarane i form av Kjeilen Vel jobbar i fellesskap for å sikre at vassforsyning og infrastruktur vert ivareteke.</p> <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartutsnitt som viser plassering av brønn</li> <li>• Kartutsnitt som viser plassering av borehol</li> </ul>
<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1	
<b>Nr. Avsendar/namn</b>		
5.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Bjørn-Olav H Monslaup Monslaupen 97, 5953 Fønnes



	<b>Datert</b>	27.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-136/3
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Har forstått det slik at det er planar om å legge ei sjakt ned mot tunnelen i nordre del av utmarka på gnr. 136 bnr. 3. Om dette er tilfellet stiller merknadsstiller seg positiv til dette. Ytrar ønskje om at eventuelle vegar som vert bygd inn i området vert gjort permanente, slik at dei kan nyttast av grunneigar til framtidig vedlikehald av gardsbruket og evt. skogbruk.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Permanente gang- og kjørevegar vert regulert i plankart. Dette gjeld i hovudsak ved landfall i Bergsvikhamn, tilkomst til tunnelportalar og vassfyllingssjakter. Grunneigar kan nytte vegen til planlagd vassfyllingssjakt som tilkomst til eigedomen.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Truls Bauge og Vibeke Bauge
<b>6.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Monslaupen 131, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	02.10.2014 og 28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-136/1
	<b>Samandrag av merknad</b>	02.10.2014 a) Ser klare fordelar ved å avstå grunn frå Fv 418 og fram til nabogrense gnr. 136 bnr. 3 der stige hull for tunnelen er plassert. Har ved Strømstadvegen eit mindre massetak der stein kan nyttast utan å kome i konflikt med eksisterande utbygging. b) For å unngå konflikt med eksisterande bygg vert det foreslått å endre plangrensa mot sør slik at den famnar om Søre Synnevågen. c) For å kunne drenere tunnelen på 5 km bør den delast i to, med eit vasssett skott på midten. Dersom det skulle oppstå ein undersjøisk lekkasje på ein av sidene vil dette kunne lette arbeidet med å lokalisere ein evt. lekkasje. Om arbeidet vert driven med ein tverrslagstunnel på Bakkøy kan ein drive tunnelen frå fire stufar i staden for to. Dette vil medføre mindre problem med framdrifta om ein får ekstraarbeid med tetting.  28.10.2014 d) Har i samtale med fleire på informasjonsmøtet 21.10.2014 blitt oppmoda til å konkretisere rundt tema om å drive ein lang tunnel under havet, berre ved hjelp av to stufinnslag. Dersom ein får vanskar med gysing/tetting vil dette medføre forseinkingar i framdrifta. Det er derfor viktig å kunne angripe tunnelen frå fleire stader, sjølv om det totalt sett medfører ein lengre tunnel. Prosjektet bør vurdere eit tverrslag på midten, om lag på Bakkøy. Da kan tunnelen drivast frå fire stufar samstundes og vekselvis . e) Merknadsstillar disponerer eit areal på ca 280 daa utan bygningar, som kan nyttast. f) Fylkesvegen gjennom Synnevåg er vanskeleg å utvide av fleire grunnar, der bygningar grensar til vegen fleire stader. g) Innbyggjarar på søre Bakkøy har i mange år hatt ønskje om ein alternativ veg aust om Synnevåg fram til Fv 565. Om det skulle bli slik kan steinmassar på Bakkøy nyttast til ein alternativ veg aust om Synnevåg frå utmarka på Monslaup til Fv 565 Oldsadalen i nord. h) Vil uansett avstå grunn til ny veg over gnr. 136 bnr. 1 og fram til gnr. 136 bnr. 3 der stigesjakta er planlagd. i) Om det vert lagt kommunal vassleidning i tunnelen treng Bakkøy kommunalt vatn
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering b) Planlagd veg og vassfyllingssjakter er einaste planlagde tiltak på Bakkøyna. Desse tiltaka er ikkje i konflikt med eksisterande bygg. c) Merknaden vert teken til orientering. d) Merknaden vert teken til orientering e) Merknaden vert teken til orientering. f) Det føreligg ikkje planar om utviding av vegen gjennom Synnevåg g) Merknader vert teken til orientering. h) Merknader vert teken til orientering. i) Merknaden vert teken til orientering.

<b>Nr.</b>	<b>Avsender/namn</b>	Britt Søreide og Odd Mikal Søreide
7.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 172, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	29.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/61 og 84
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Gnr. 125 bnr. 61 har borehol som vassforsyning. For å unngå fare for redusert vasskvalitet/mengde må utbyggar sikre permanent vassforsyning før aktivitet som kan påverke dette tek til. Er usikker på om boreholet er registrert i oversikt / kart ref. Asplan Viak rapport side 29.</p> <p>b) Gnr. 125 bnr. 31 (Fritidsbustad) har rett til å hente vatn via borehol på eige område og på gnr. 125 bnr. 1.</p> <p>c) Gnr. 125 bnr. 61 har felles borehol med fleire andre. Plasseringa er på gnr. 125 bnr. 72. ca plassering er 60 46'59.6 N og 05 00'26.1 Ø. Brønnea er 119 meter med sprenging i botn og trykking.</p>
<b>Kommentar til merknad</b>	Teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1	
<b>Nr.</b>	<b>Avsender/namn</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Yngve Kaarstad</li> <li>2. Asbjørn Brandtun</li> <li>3. Atle Børsheim,</li> <li>4. Norleiv K. Sætre</li> <li>5. Kjell Hope</li> <li>6. Rikke Heldal Hope</li> </ol>
8.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Austrheimsvegen 1444, 5943 Austrheim</li> <li>2. Austrheimsvegen 1417, 5943 Austrheim</li> <li>3. Austrheimsvegen 1418, 5943 Austrheim</li> <li>4. Austrheimsvegen 1530, 5943 Austrheim</li> <li>5. Austrheimsvegen 1474, 5943 Austrheim</li> <li>6. Austrheimsvegen 1464, 5943 Austrheim</li> </ol>
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. 1264-151/2</li> <li>2. 1264-151/1</li> <li>3. 1264-151/4</li> <li>4. 1264-151/7 og 8</li> <li>5. 1264-151/20</li> <li>6. 1264-151/25</li> </ol>
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Etablering av tunnel kan få negative konsekvensar for borehol og brønnea. Foreslår at det vert lagt vassleidning frå Solen. Dette vil sikre offentleg vassforsyning til bustader og vassforsyning til anleggsgrigg og tunneldrift i området.</p> <p>b) Anleggsarbeidet vil medføre auka trafikk på Fv 565. Mykje hjort i området som kryssar fylkesvegen. Vegstrekket frå Litle-Lindås vert mykje nytta til forbikjøring i høg fart. Det er behov for veglys og reduksjon av fartsgrensa frå 80 km/t til 60-70 km/t.</p> <p>c) Fleire hus ligg nært tunnelinnslaget, og vil verta råka av støy og støv i byggetida. Prosjektet må gjennomføre støy- og støvdempande tiltak.</p> <p>d) Anlegget vil kunne medføre avrenning/forureining av gnr. 151 bnr. 7 og 8 (Norleiv K. Sætre) og til Førlandsvågen. Prosjektet må sikre at dette ikkje vil skje.</p> <p>e) Etablering av tunnel vil gi store mengder stein som skal transporterast på intern anleggsveg til lager/deponi i nærområdet. Ber om at det vert etablert steindeponi som kan nyttast til fellesprosjekt på Førland. Dette gjeld og deponi for jord frå grøft, anleggsveg og klargjering av området til tunnelinnslaget.</p> <p>f) Det vart på informasjonsmøtet 21.10.2014 opplyst at frist på merknader til KU var 23.12.2014. Ber om å få tilsendt jamleg informasjon om planarbeidet, slik at merknadsstillar har best mogleg grunnlag til å følgje opp aktuelle merknader til KU.</p>
<b>Kommentar til merknad</b>	<ol style="list-style-type: none"> <li>a) Teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1</li> <li>b) Planforslaget er ikkje vurdert å medføre særleg auka trafikk på Fv 565. Anleggstrafikk og massetransport vil i hovudsak gå for seg på interne</li> </ol>	

		<p>midlertidige anleggsvegar langs røytraseen. Sjølve oljerøytraseen vil krysse Fv 565 i tunnel.</p> <p>c) Anleggsarbeida vil gjennomførast i samsvar med gjeldande regelverk med omsyn til støy og støv. Det vil ikkje bli gjennomført støyande anleggsarbeid i nærleiken av bustadhus om natta.</p> <p>d) Merknaden er teken til orientering. Det vil i samband med anleggsarbeidet bli etablert løysingar for å sikre at vatn som vert tilført terreng er av tilstrekkeleg kvalitet.</p> <p>e) Viser til kommentar til merknad nr. 3</p> <p>f) Det vil bli lagt opp til god dialog i samband med planarbeidet. Forslag til reguleringsplan vil bli lagt ut til offentleg ettersyn etter 1. gongs handsaming i Lindås og Austrheim kommune.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Kjeilen Vel v/ Odd Mikal Søreide
<b>9.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 172, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	29.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Planprogram og oppstart av planarbeid må sikre permanente løysingar for vassforsyning i området. Dette må gjerast før tilrigging og drift tek til. Fryktar varig forureining av sjøvatn som trekk inn i grunnvatnet og reduksjon i vassmengder.</p> <p>b) Lindås kommune var ikkje innkalla til grunneigarmøtet 14.08.2014. Det er viktig at Lindås kommune vert kalla inn til møter-for å høyra-men også for å kunne stille spørsmål og koma med innspel.</p> <p>c) Kjeilen er lite omtala som råka part i utbygging ut over vassforsyning. I rapporten er djupna på borehol sett til 109 meter. Det er kjennskap til borehol på opp mot 140 meter i området. Talet på borehol og brønningar er ikkje klårlagt. Mange av borehola er sprengt i botnen.</p> <p>d) Det er etablert avtale mellom kommunane Austrheim og Lindås om tilrettelegging for tilkopling av vassleidning til Kjeilen. Avtalen er datert 02.01.1986.</p> <p>e) Kjeilen vil bli råka frå aktivitet med tilrigging av tunnelpåhogg ved Hopevatn. Dette tiltaket vil råke tilkomst til veg for både mjuke trafikantar og kjørande.</p> <p>f) Tilførselsveg til Kjeilen går gjennom Austrheim kommune og kjem inn i Lindås kommune på brua som går over Kjeilesundet. Vegen er skuleveg og einaste veg for private og næringsdrivande i Kjeilen. Det blir gjort merksam på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved bruk av tunge maskiner og reiskap i anleggsperioden kan vegen vere særskilt farleg for borna. Det er difor eit krav at det må leggjast til rette for skuleskyss i anleggstida for alle som går på skulen.</li> <li>• Det er ein bustader i anleggstraseen. For at fastbuande skal bli minst mogleg råka må det vurderast om det skal gå føre seg anleggsverksemd etter «mørkets frambrøt» og på helgdagar.</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1 m. fl.</p> <p>b) Invitasjon til grunneigarmøtet var sendt til Lindås kommune v/ saksbehandlar og plansjef pr. e-post 07.08.2014.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1</p> <p>d) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>e) Ein har i planarbeidet gått vekk frå det sørlege tunnelalternativet med tunnelpåhogg ved Hopevatn. Tunnelpåhogg vil ligge like nord for Keilevegen. All anleggstrafikk vil i hovudsak vere på inngjerda område. Tilkost til anleggsområde frå offentleg veg vil vere i starten på Keilevegen. Det vil der sikrast trygge passeringmoglegheiter for mjuke trafikantar.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Oddleiv Kjeilen
<b>10.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 162, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	30.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/51

	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Gnr. 125 bnr. 51 har borehol som vassforsyning. Med fare for vasskvalitet / redusert vassmengd må utbyggjar sikre permanent vassforsyning før aktivitet som kan påverke dette, tek til. Er usikker på om boreholet for vassforsyning er registrert i oversikt / kart ref. Asplan Viak side 29.</p> <p>b) Gnr. 125 bnr. 51 har felles borehol med fleire andre. Boreholets plassering er på gnr. 125 bnr. 72 med ca. plassering 60 46'59.6 N 05 00' 26.1 Ø. Boreholet er 109 meter med sprenging i botnen og trykking.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Hedwig Kjeilen Øksnes
<b>11.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 156, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/35
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Gnr. 125 bnr. 35 har borehol som vassforsyning. Med fare for vasskvalitet / redusert vassmengd må utbyggjar sikre permanent vassforsyning før aktivitet som kan påverke dette, tek til. Er usikker på om boreholet for vassforsyning er registrert i oversikt / kart ref. Asplan Viak side 29.</p> <p>b) Gnr. 125 bnr. 35 har felles borehol med fleire andre. Boreholets plassering er på gnr. 125 bnr. 72 med ca. plassering 60 46'59.6 N 05 00' 26.1 Ø. Boreholet er 109 meter med sprenging i botnen og trykking.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Elna Solsvik
<b>12.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Øvre Kleppe-Vegen 162, 5308 Klepppestø
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-157/25
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Var på informasjonsmøtet 21.10.2014. På møtet framkom det ingen informasjon om korleis dette påverkar merknadsstillar som grunneigar.</p> <p>b) På <a href="http://www.statoil.com">www.statoil.com</a> omhandlar PL 265/501/502 punkt 1.5.1 rørleidningen for olje- og gass- eksport fra Johan Sverdrup. Det kjem fram at dette har vert godkjent før merknadsstillar har fått innkalling til informasjonsmøte for grunneigarar som kan verta påverka av oljerørtraseen. Det står at eit eige utgreiingsprogram for oljerørleidningen er godkjent av OED 10. oktober 2012.</p> <p>c) Vil informere om at merknadsstillar ikkje ønskjer ein oljerørleidning gravd ned på sin eigedom.</p> <p>d) Påpeikar utydeleg og mangelfull informasjon rundt prosjektet. På begge møter merknadsstillar har deltatt på har det ikkje kome fram informasjon om kvifor rørleidningen er planlagt ført over merknadsstillars eigedom.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Informasjonsmøtet 21.10.2014 var eit møte for tidleg informasjon til grunneigarane. Det vart på møtet informert om oppstart av planarbeid og høyring av konsekvensutgreiing.</p> <p>b) Utgreiingsprogrammet som det vert vist til er konsesjonssøknaden i følgje OED. Utgreiingsprogrammet fastset kva tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga. Utarbeiding av reguleringsplan for tiltaket er heimla i plan- og bygningslova.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>d) Planprosessen følgjer vanleg medverknadsprosess ihht. Plan- og bygningslova. Forslag til reguleringsplan vil bli lagt ut til offentleg ettersyn etter 1. gongs handsaming i Lindås og Austrheim kommune. Traseen for oljerørleidningen, er valt med bakgrunn i at dette er det beste alternativet ut frå samfunnsmessige, tekniske og økonomiske kriterier. Det er gjort greie for dette i konsekvensutgreiinga.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Geir Kjeilen
<b>13.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Hopsvågen 88, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/6 og 48

	<b>Samandrag av merknad</b>	Merknad vert også fremja for Oddvar Kjeilen a) Det var på informasjonsmøtet nemnt at vasskjelder kunne verta påverka som følge av tunnelarbeid. b) Gnr. 125 bnr. 48 forsyner Oddvar Kjeilen med vatn frå borehol. Boreholet er ca 140 meter djupt og startar på 30moh. c) Gnr. 12 bnr. 6 er forsynt med vatn frå eigen brønn. Det finnest mange slike vasskjelder i området. Vedlegg: • Saksnr. Lindås kommune
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Børje Sundt Laastad
<b>14.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Øvre Sollien 94B, 5096 Bergen
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-133/6 og 51
	<b>Samandrag av merknad</b>	d) Kjem med innspel på vegne av eigarar av gnr. 133 bnr. 6 og 51. Steinar Sundt Laastad, Jarle Sundt Laastad, Endre Laastad. e) Ca midtveis i det varsla planområdet vert merknadsstillars eigedom råka ved brukaret i Synnevåg. Gnr. 133 bnr. 51 vert nytta til parkering og tilkomst til felles fritidseigedom på Lamholmen gnr. 133 bnr. 6. f) På informasjonsmøtet 21.10.2014 vart det forklart at det aktuelle området er tenkt som tilkomst for etablering av inspeksjons- / tilkomsts jakt for røyrleidningen. Som råka grunneigarar er det ønskeleg å bli orientert om kva konsekvensane arbeid i dette området vil medføre for tilkomst og parkering. g) Vil gjere merksam på elvefar/drenering samt vassleidning til annan grunneigar som ligg i dette området, dvs. like under parkering, drenering mot sjø for bakanforliggjande dal, der tilkomstveg til sjakt truleg vil ligge. h) Ønskjer å bli orientert om kva arealformål råka område vil få etter avslutta anleggsperiode. Der avsett anleggsområde for røyrleidningen vil tilbakeførast til noverande arealformål etter gjennomført prosjekt.  Vedlegg: • Kartvedlegg
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Eigedomane vert ikkje råka av planforslaget.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Dagfinn Halvorsen og Ruth Halvorsen
<b>15.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 117, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/25
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Gnr. 125 bnr. 25 har borehol med over 100 meters djupne. Boreholet er felles med gnr. 125 bnr. 19. Boreholet er sprengt i botnen. b) Gnr. 125 bnr. 10 har nyleg fått etablert borehol på over 100 meters djupne. Det er og brønnar i overflata på denne eigedomen.
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden er teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Margrethe Askerhaug
<b>16.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Litlelindås 117, 5943 Austrheim
	<b>Datert</b>	30.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-152/3
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Areal som Statoil ASA har teikna inn som deponi for stein/jord er beståande av lyng og planta ungsskog. Det er også opparbeida dam. b) Det må opparbeidast veg, og den skal etter bruk tilfelle gardsbruket. c) Arealet er inngjerda og evt. skade må reparerast. Arealet vert i dag nytta til beite. d) Jord, stein må fjernast. e) Det skal betalast leige for brukt areal.

		<p>f) Dammen skal ikkje rørast.</p> <p>g) Grunneigar kan ta ut jord/stein til eige bruk</p> <p>h) Arealet skal planerast etter bruk.</p> <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Flyfoto av gnr. 152 bnr. 3</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Irene Iversen
<b>17.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilgavlsvegen 5, 5953 Fonnes
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/3
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Har borehol på gnr. 125 bnr. 3
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Naturvernforbundet Nordhordland v/ Jan Nordø
<b>18.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Hoplandssjøen 74, 5943 Austrheim
	<b>Datert</b>	31.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Ber om at det i planprogrammet vert teke særleg omsyn til landskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø og friluftsliv.</p> <p>b) Landskapet i Austrheim er flatt og ope, og inngrep vert lett synlege. Dette gjeld særleg ved innslag i strandsona og høgdedrag på tvers av dei geologiske strukturande. Naturvernforbundet vil ikkje akseptere store synlege inngrep i strandsona ved landfallet i Bergsvikhamna. Store inngrep og installasjonar vil her bli svært synleg frå Hoplandssjøen og øydelegge ei naturperle. Det er frå før svært få inngrep i strandsona i Hoplandssosen som har eit urørt preg og er mykje nytta til friluftsliv, med båtutfart, fiske og turaktivitetar på steinalderstiane frå Fosnstraumen og utover.</p> <p>c) Naturvernforbundet krev at landfallet i Bergsvikhamna går gjennom tunnel utan inngrep i strandsona og utan store installasjonar på land. Undersjøisk tunnelinnslag må koma på større djupne på utsida av terskelen til Bergsvikhamna, slik at ein ikkje gjer skade på botnvegetasjon, fisk og anna biologisk mangfald.</p> <p>d) Det er jamleg observert oter og havørn i og rundt Bergsvikhamna, og her er gode garn-, ruse- og teineplassar.</p> <p>e) Det er positivt at planprogrammet legg opp til tilbakeføring av landskapet for anleggsveggar og riggområde. Det er kome innspel om vidareføring av nokre av anleggsvegane til turbruk. Naturvernforbundet stiller seg ikkje negativ til dette, så lenge det ikkje går utover landskap, biologisk mangfald og landbruk. Det er mangel på gode turveggar i utmarka og dette vil kunne medføre større naturoppleving og naturglede.</p> <p>f) Tunnelføring vil medføre mykje utsprenging av stein og store massedeponi. Naturvernforbundet føreset at deponia vert regulert etter plan- og bygningslova med reguleringsplan og KU for landskap og biologisk mangfald.</p> <p>g) I Austrheim er det omstridde planar om steinuttak i natur- og friluftsområda i Øksnes- og Åråsmarka. Naturvernforbundet og fleire politiske parti kjempar for å stoppe desse planane. Steinmassar frå Johan Sverdrup- traseen plassert i deponi til seinare bruk i anleggsarbeid i Austrheim, kan spare Øksnes- og Åråsmarka for øydeleggjande inngrep, samstundes som lokale entreprenørar vert sikra nok stein. Føresetnaden er at deponia ikkje kjem i konflikt med viktige naturverdiar.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Merknaden vert teken til orientering. Tema er vurdert i konsekvensutgreiing.</p> <p>b) Merknaden vert teken til orientering. Anleggsområda og midlertidige anleggsveggar skal i hovudsak tilbakeførast til opphavleg terreng.</p> <p>c) Merknaden vert teken til orientering.</p>

		<p>d) Merknaden vert teken til orientering. Sjå kommentar til merknad frå Hordaland fylkeskommune pkt. e).</p> <p>e) Sjå kommentar til merknad frå Austrheim eldreråd.</p> <p>f) Sjå kommentar til merknad frå Hordaland fylkeskommune pkt. f) og kommentar til merknad nr. 3 pkt. c).</p> <p>g) Sjå kommentar til merknad frå Hordaland fylkeskommune pkt. f) og kommentar til merknad nr. 3 pkt. c).</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Edmund A. Bolstad
<b>19.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 594 Sentrum, 5806 Bergen
	<b>Datert</b>	28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Skal representere grunneigarar i det framtidige arbeidet med å forhandle fram utbyggingsavtalar og evt. representere nokre av grunneigarane i oreigningsskjøn / avtaleskjøn.</p> <p>Representerer følgjande grunneigarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Enok Harald Haugen</li> <li>• E. Haugen AS</li> <li>• West Piping AS</li> <li>• Odd Håkon Haugen</li> <li>• Odd Martin Haugen</li> <li>• Henry Haugen</li> <li>• Gunnar Sætre</li> <li>• Margrete Askerhaug</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ber om at all vidare korrespondanse vert sendt med kopi til merknadsstillars kontor.</li> <li>• Dersom tiltakshavar ønskjer kontakt med grunneigarar skal kontakten gå via merknadsstillars kontor.</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Arvid S. Halvorsen
<b>20.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Keilevegen 135, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	28.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/60
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Gnr. 125 bnr. 60 har borehol.
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Heidi Litlås og Terje Litlås
<b>21.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Litlåsvegen 170, 5953 Fønnes
	<b>Datert</b>	23.10.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1264-129/3
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Er positiv til utredning om å føre røyrleidningen i borehol gjennom Litlåsen i staden for grøft.</p> <p>b) Aktuell grøftetrase er planlagt over merknadsstillars eigedom gnr. 129 bnr. 3. Traseen går over innmark som er drenert frå gammalt av med steingrøfter. Enkelte delar av stykket har nyare grøfter med drenerør av plast. Reknar med drenering vert ivareteke slik at det ikkje oppstår problem med vatn etter at arbeidet er ferdig. Haustar 50-60% av vinterforet til hestar frå dette stykket.</p> <p>c) Har planlagt å nytte delar av eigedomen til massedeponi. Traseen for oljerøyret går i kanten på området. Jorddeponi er framtidig inntekt på bruket. Området ligg svært gunstig plassert i forhold til industriområda på Mongstad. Når deponiet er oppfylt er det tenkt nytta som nytt jordbruksareal for bruket.</p> <p>d) Om alternativet med grøft over åsen blir valt, kan merknadsstillar diskutere terrenghandsaming som passar med sine planar, og som samtidig kan gjere arbeidet med oljerøyret enklare.</p> <p>e) Merknadsstillars område for massedeponi har gunstig plassering for arbeidet</p>

		<p>med oljerøyret, slik at området kan nyttast som massedeponi i den samanheng, som mellom lager eller evt. permanent lager.</p> <p>Vedlegg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartutsnitt som viser planlagt massedeponi.</li> <li>• Flyfoto som viser planlagt massedeponi.</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>Merknaden vert teken til orientering. Ein har gått vekk frå alternativet om å gå i grøft over Litlåsen og vil heller trekke oljerøyret gjennom tunnel under Litlåsen. Det er planlagt etablert ei katodeseng for korrosjonssikring, som medfører restriksjonar på graving, drenering m.m innanfor sikringssona. Arealet kan framleis nyttast til landbruksverksemd.</p>

**Merknader etter utgått frist:**

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Audun Uthaug
<b>1.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Røsvika 16, 5914 Isdalstø
	<b>Datert</b>	19.11.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/81
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Ved val av nordre trase vil denne kome tett innpå borehol plassert på gnr. 125 bnr. 81. Det er på Keilevegen 131 bora 5'' borehol med djupne på 120 m. Plassering av boreholet er på sørsida av bustaden.
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Viser til kommentar til merknad nr. 1 under samandrag av private merknader.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Edmund A. Bolstad
<b>2.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 594 Sentrum, 5806 Bergen
	<b>Datert</b>	20.11.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>Representerer følgjande grunneigarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Enok Harald Haugen</li> <li>• West Piping AS</li> <li>• Odd Håkon Haugen</li> <li>• Odd Martin Haugen</li> <li>• Henry Haugen</li> <li>• Gunnar Aetre</li> <li>• Margrete Askerhaug</li> </ul> <p>a) Grunneigarar stiller seg positiv til massedeponi.</p> <p>b) Stiller spørsmål rundt temaet «risiko». Etterspør informasjon om korleis røyrleidningen som ikkje går i tunnel skal leggast, dvs. djupne på grøft, overdekking og klausulering. Stiller spørsmål til tiltak som t.d. overvaking mot sabotasje.</p> <p>c) Stiller spørsmål om krav om konsekvensanalyse jf. Pbl. §4-3. Ønskjer eit møte for å få klarlagt trongen for konsekvensutgreiing jf. Pbl. §4-2 og analyse av «samfunnssikkerheit og risiko- og sårbarheitsanalyse, jf. Pbl § 4-3.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>Det vart avtalt utsetting av frist.</p> <p>a) Merknaden vert teken til orientering</p> <p>b) Merknaden vert teken til orientering. Det vil for prosjektet bli utarbeida eigen risikoanalyse.</p> <p>c) Planarbeidet vert utarbeidd med planprogram og konsekvensutgreiing etter pbl. §4-1 og 4-2. Alle reguleringsplanar skal ha ein eigen analyse av samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse etter pbl. §4-3.</p>
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Dagfinn Halvorsen og Ruth Halvorsen
<b>3.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Kjeilevegen 117, 5953 Fønnes



<b>Datert</b>	08.12.2014
<b>Gnr. / bnr.</b>	1263-125/25
<b>Samandrag av merknad</b>	Ber om at innsendt innspel vert bekrefta mottatt.
<b>Kommentar til merknad</b>	Stadfesting av at innspel er mottatt er sendt pr. e-post 09.12.2014.

**Varsel om utviding av planområdet 19.12.2014**

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Gulen kommune
<b>1.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
	<b>Datert</b>	23.12.2014
	<b>Gnr. / bnr.</b>	-
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Viser til tidlegare innspel datert 06.10.2014 ang. IKP for Fensfjorden med beredskap for kartlegging av røyr i sjø.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Sjå kommentar til merknad nr. 8 frå offentlege etatar.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Fylkesmannen i Hordaland
<b>2.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7310, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	05.01.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	-
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Fylkesmannen har ingen merknader til utvidinga
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum
<b>3.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7800, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	19.01.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum har ingen kommentarar til utvidinga av planområdet og viser til leverte rapportar i saka.
	<b>Kommentar til merknad</b>	a) Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Statens vegvesen
<b>4.</b>	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Askedalen 4, 6863 Leikanger
	<b>Datert</b>	23.01.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	a) Utviding av planområdet er gjort for å samordne planen med Statens vegvesen sin plan for gang- og sykkelveg langs Mongstadvegen. Det er eit godt grep å samkjøre planarbeid slik at ein sikrar heilskaplege løysingar. b) Det er ønskeleg at avkjørslar til Mongstadvegen frå Mongstadrundkjøringa til Keilenkrysset frå næringsområdet på høgre side av vegen vert samordna i ein utkjørsel i rundkøyringa. c) Det må opparbeidast tosidig gang- og sykkelveg, evt. kan gang- og sykkelvegen på sørsida av vegen gå gjennom næringsområdet. Det må sikrast ei planfri kryssing for syklende og gåande over Mongstadvegen. Ein må og sikre god løysing for kollektivtrafikken og busshaldeplassane ved krysset. Planarbeidet må utgreie korleis dette kan løysast på beste måten. d) Krysstype i Keilenkrysset: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Statens vegvesen vil krevje at det vert planlagt rundkjøring på staden, der busshaldeplassar vert innarbeidd. Det må og innarbeidast planfri kryssing av Mongstadvegen i samband med busshaldeplassen.</li> <li>• Etersom Statoil sine installasjonar skal ligge nede i bakken og potensielt er</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	

		<p>utsett for uønska belastning ved framtidig arbeid med vegen, vert det tilrådd at tiltak som er nødvendige for ei framtidretta løysing for kryss og gang- og sykkelveg over eller under vegen vert ferdigstilt i samband med arbeidet på Johan Sverdrupsrørleidninga.</p> <p>e) Rekkefølgjekrav</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det må settast rekkefølgjekrav til gang- og sykkelveg og til opparbeiding av rundkjøring med tilhøyrande busshaldeplass. Det må og vere knytt rekkefølgjekrav til planfri kryssing for mjuke trafikantar.</li> </ul> <p>f) Vegklasse og bereevne på veg.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er i planen lagt opp til alternative tilkomstar til tunnelanlegget, i anleggsfasen og i samband med tilsyn og seinare vedlikehald. Tilkomsten er via eksisterande fylkesvegar som har relativt låg standard og som nokre stader går inn i bustadområde eller tettbygde strok. Det er viktig at det i planarbeidet vurderer om vegklassen og bereevna på vegen er god nok for dei kjøretøya som må nytte vegen, eller om planen medfører krav til utbetring av vegen for å få dette til.</li> <li>• Ein må sjå til at trafikktryggleiken for dei som bur ved og nyttar vegane er tilfredstillande. Det er ein føresetnad at nye kryss/utkjørsler vert opparbeidd i samråd med Statens vegvesen og gjeldande handbøker. Det må dokumenterast at dei planlagde vegtiltaka kan byggast i samsvar med vegnormalane og at det er avsett tilstrekkeleg areal i reguleringsplanen. I område med krevjande grunntilhøve, må det også dokumenterast at det kan byggast veg på den aktuelle staden.</li> <li>• Tekniske teikningar for reguleringsplan ihht. handbok R700 Tegningsgrunnlag vil vere eit godt utgangspunkt for Statens vegvesen sine vurderingar. Statens vegvesen ønskjer å få teknisk plan til gjennomsyn før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</li> </ul>
	<b>Kommentar til merknad</b>	<p>a) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>b) Merknaden vert teken til følgje. Avkjørslar direkte ut i Mongstadvegen mellom Mongstadkrysset og ny rundkjøring ved Keilekrysset vert fjerna.</p> <p>c) Merknaden vert teken til følgje. Det er i planforslaget regulert areal for ny gang- og sykkelveg langs nordsida av Mongstadvegen. Det vert også regulert gang- og sykkelveg internt i næringsområdet mot Mongstadkrysset og langs Keilevegen.</p> <p>d) Merknaden vert teken til følgje. Det er regulert inn areal for ny rundkjøring og planfri kryssing i kulvert under Mongstadvegen Fv 57.</p> <p>e) Merknaden vert teken til orientering.</p> <p>f) Merknaden vert teken til orientering.</p>

**Varsel om utviding av planområdet 27.02.2015**

<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Fylkesmannen i Hordaland
1.	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7310, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	03.03.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	-
	<b>Samandrag av merknad</b>	Fylkesmannen har ingen merknader til utvidinga
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Austrheim Eldreråd
	<b>Adresse, postnr. stad</b>	
	<b>Datert</b>	13.03.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	Austrheim eldreråd ser svært positivt på at det vert lagt til rette for gang- og sykkelveg langs fylkesveg 565 Austrheimvegen.
		Austrheim eldreråd har forstått det slik at den gamle bureisingsvegen til

		<p>Hoplandsmarka skal forlengjast som anleggsveg fram til fylkesveg 565. Om dette er rett, så hadde det vore svært bra om gang- og sykkelvegen hadde starta der denne anleggsvegen kryssar fylkesvegen og kunne gå heilt til kyrkja på Austrheim.</p> <p>Dette har samband med at Austrheim eldreråd tidlegare har kome med innspel om å nytta anleggsvegen langs oljerørleidningstraseen til universell turveg. Då ville ein fått ein universell turveg / gang- og sykkelveg heilt frå der traseen for oljerørleidningen kryssar Hoplandsvegen, inn til Førlandsvågen og tilbake til kyrkja på Austrheim.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga
	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Postboks 7900, 5020 Bergen
	<b>Datert</b>	16.03.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	<p>a) Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det utvida planområdet. Ved Førlandsvågen, om lag 200 m aust for Fv 565, ligg det tre steinalderbuplassar (Askeladden id. 90856, 90858 og 90859). Det ligg også ein steinalderbuplass (Askeladden id. 178933) om lag 200 m vest for hovudvegen. Likevel er potensiale for nye funn innanfor det utvida planområdet vurdert til å vere lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/ skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.</p> <p>b) Hordaland fylkeskommune ser positivt på at planområdet vert utvida for å legge til rette for gang- og sykkelveg med tilhøyrande anlegg langs fylkesveg 565 Austrheimsvegen. Ved behov bør det vurderast å ta i bruk lokal overskotsmasse frå etableringa av Johan Sverdrup oljerørleidning.</p> <p>c) Når det gjeld barn og unge, strandsone, landskap, friluftsliv, biologisk mangfald og klima viser vi til fråsegn frå Hordaland fylkeskommune sendt den 14.11.2014.</p>
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering. Dei automatisk freda kulturminna som ligg innanfor planområdet er vist med bandleggings- og omsynssone i plankartet.
<b>Nr.</b>	<b>Avsendar/namn</b>	Statens vegvesen
	<b>Adresse, postnr. stad</b>	Askedalen 4, 6863 Leikanger
	<b>Datert</b>	09.03.2015
	<b>Gnr. / bnr.</b>	
	<b>Samandrag av merknad</b>	Statens vegvesen har ingen merknader til utviding av planområdet som er meldt i brev frå dykk datert. 27.02.2015.
	<b>Kommentar til merknad</b>	Merknaden vert teken til orientering.